

Utval:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Møtestad:	video, Fjernmøte
Dato:	19.05.2020
Tid:	10:00-17:10

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer	
Stian Jean Opedal Davies	Leiar	A	
Senea Sabanovic	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Alfred Jens Bjørlo	Nestleiar	V	
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP	
Hilde Horpen	Medlem	SP	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Symphorien Pombe	Medlem	SV	
June Vibecke Knudtsen	Medlem	H	
Indrevik			
Lise-May Sæle	Medlem	H	
Hege Nygård Dale	Medlem	FNB	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	Gjekk kl. 16:40
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP	
Terje Kollbotn	Medlem	R	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Karstein Birkeland	Kurt Johnny Hæggernæs	PP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Arnt Ola Fidjestøl	Seksjonssjef for arkiv
Britt Karen Spjeld	Seksjonssjef for idrett og friluftsliv
David J. Aasen Sandved	Seksjonssjef for kulturarv
Ingebjørg Erikstad	Seksjonssjef for inkludering, strategi og analyse
Ronny Skår	Seksjonssjef for kunst- og kulturutvikling
Ruth Ørnholt	Seksjonssjef for bibliotekutvikling
Siri Ingvaldsen	Seksjonssjef for kulturformidling
Åse Kittang	Rådgjever, politisk sekretariat /møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 12/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 21.04.2020	2020/47347	
	Referatsaker		
RS 46/20	Ekstra tiltaksmidler til sikra friluftslivsområder 2020	2020/1392	
RS 47/20	Tildelingsbrev av midler til digital formidling	2020/39386	
RS 48/20	Kulturdepartementet sine føringar for detaljfordeling av tilskot til idrettsanlegg 2020	2020/49028	
RS 49/20	Dialogkonferansen 2020, invitasjon og program	2020/48900	
RS 50/20	Kulturkonferansen i Vestland 2020	2020/42594	
RS 51/20	Kinnaspelet og konsekvensar av koronakrisa	2020/46296	
RS 52/20	Pressemelding frå Rekstensamlingene ang koronakrisa	2020/46296	
RS 53/20	Studieforbunda og vaksenopplæring som verkemiddel i koronasituasjonen	2020/47493	
RS 54/20	Informasjon frå Fargespill om aktivitet under koronakrisa	2020/46296	
RS 55/20	Status frå Det Vestnorske teateret i høve korona	2020/46296	
RS 56/20	Informasjon frå Carte Blanche As i høve koronakrisa	2020/46296	
RS 57/20	Søknad om kartleggingsmidlar frå Kartverket	2020/48780	
RS 58/20	Friluftsrådenes Landsforbund	2020/47707	
RS 59/20	Moster 2024 AS. Bømlo kommune sitt kommunestyrevedtak	2020/861	
RS 60/20	Framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstusjonane i heile Vestland fylke	2020/49456	
RS 61/20	Lytter til innspill: Staten beholder hovedansvaret for kulturinstitusjonene	2020/49720	
RS 62/20	Invitasjon til politisk møte 20. mai 2020 - dialog og orientering om situasjonen i kultursektoren som følge av covid-19-utbruddet	2020/1002	
	Skriftlege spørsmål		
SI 6/20	Spørsmål frå Andersen - FNB - Dei gamle fylkesnamna	2020/44447	
SI 7/20	Spørsmål frå Bjørlo - V - Holvikejekta	2020/44447	
	Politiske saker		
PS 68/20	Koronautbrotet - omfang, konsekvensar og tiltak i høve kultur, idrett og inkludering i Vestland pr juni 2020	2020/44331	
PS 69/20	Økonomiplan 2021-24 - drifts- og investeringsrammer	2020/44342	
PS 70/20	Kulturelt utviklingsprogram. Retningslinjer og programområder	2020/43313	
PS 71/20	Det Vestnorske Teateret LL. Lånegaranti til nybygg	2020/49379	
PS 72/20	Finansiering av kulturbygg med regionale funksjonar	2020/49142	
PS 73/20	Ekstraløyving til Vestlandsutstillinga for budsjettåret 2020	2020/46871	
PS 74/20	Bokbåt drift i Vestland fylke	2020/241	
PS 75/20	Søknad om midlar til Griegkvartalet	2020/50349	
PS 76/20	Europameisterskap i friidrett for ungdom 2021 i Bergen	2020/1254	
PS 77/20	Tilskot til vaksenopplæring - retningslinjer	2020/46279	
PS 78/20	Utviklingsstipend innan idrett. Retningslinjer	2020/44996	
PS 79/20	Retningslinjer for heider til OL og VM medaljørar, verds cupvinnarar og verdsrekordar på seniornivå	2020/45098	
PS 80/20	Integrering - nye oppgaver for fylkeskommunen - strategi og vidare arbeid	2020/45548	
PS 81/20	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - mandat og oppstart av planarbeid	2020/47906	
PS 82/20	Regional kompetansepolitikk i Vestland fylke	2020/41440	

Godkjenningssaker

GK 11/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

GK 12/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 21.04.2020

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Møteprotokollen frå møte 21.04.2020 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 46/20 Ekstra tiltaksmidler til sikra friluftslivsområder 2020

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 46/20 vart referert.

RS 47/20 Tildelingsbrev av midler til digital formidling

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 47/20 vart referert.

RS 48/20 Kulturdepartementet sine føringar for detaljfordeling av tilskot til idrettsanlegg 2020

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 48/20 vart referert.

RS 49/20 Dialogkonferansen 2020, invitasjon og program

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 49/20 vart referert.

RS 50/20 Kulturkonferansen i Vestland 2020

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 50/20 vart referert.

RS 51/20 Kinnaspelet og konsekvensar av koronakrisa

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 51/20 vart referert.

RS 52/20 Pressemelding frå Rekstensamlingene ang koronakrisa

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 52/20 vart referert.

RS 53/20 Studieforbunda og vaksenopplæring som verkemiddel i koronasituasjonen

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 53/20 vart referert.

RS 54/20 Informasjon frå Fargespill om aktivitet under koronakrisa

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 54/20 vart referert.

RS 55/20 Status frå Det Vestnorske teateret i høve korona

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 55/20 vart referert.

RS 56/20 Informasjon frå Carte Blanche As i høve koronakrisa

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 56/20 vart referert.

RS 57/20 Søknad om kartleggingsmidlar frå Kartverket

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 57/20 vart referert.

RS 58/20 Friluftsrådernes Landsforbund

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 58/20 vart referert.

RS 59/20 Moster 2024 AS. Bømlo kommune sitt kommunestyrevedtak

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 59/20 vart referert.

RS 60/20 Framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i heile Vestland fylke

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 60/20 vart referert.

RS 61/20 Lytter til innspill: Staten beholder hovedansvaret for kulturinstitusjonene

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 61/20 vart referert.

RS 62/20 Invitasjon til politisk møte 20. mai 2020 - dialog og orientering om situasjonen i kultursektoren som følge av covid-19-utbruddet

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 62/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 6/20 Spørsmål frå Andersen - FNB - Dei gamle fylkesnamna

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Utvalseiar for kultur, idrett og integrering gav slikt svar:

«Svar på spørsmål frå Knut Inge Andersen (FNB)

Ser Utvalseiar for Kultur, Idrett og Integrering verdien av aktive grep (til dømes gjennom vegskilting) for å ta vare på dei tidlegare fylkesnamna slik at desse kan bestå som synlege og anerkjende geografiske og historisk-kulturelle einingar også i offisiell samanheng?

Svar frå utvalseiar:

Eg vedkjenner at dei gamle fylkesnamna er godt innarbeidde namn som folk framleis har ein relasjon til. Hordaland og Sogn og Fjordane har vore fylkesnamn sidan 1919 fram til 1. januar 2020. Namna til dei tidlegare fylka har djupe kulturelle og historiske røter, og vil vere ein viktig del av historia til Vestland og Vestlandet.

Vestland og Vestlandet har vore gjennom fleire endringar i fylkesinndelinga, fylkesnamna og dei administrative einingane. Frå Gulatinget som omfatta mellom anna Firdafylke, Sygnafylke og Hordafylke, til einingane Søndre Bergenhus amt og Nordre Bergenhus amt, til Hordaland og Sogn og Fjordane, og til Vestland slik det er i dag. Den historia må vi ta aktive grep for å ivareta og formidle.

Eg meiner likevel at det er viktig at innbyggjarane får ei kjensle av å høyre til Vestland som det nye fylket. Ein innbyggjar i Stad er no i same fylke som ein innbyggjar i Bergen eller Sveio. Det fellesskapet må skapast og dyrkast. Det meiner eg er fullt mogleg, da vi deler mange av dei same moglegheitene og utfordringane i kvardagen og politisk. Derfor er det viktig at vi bruker Vestland aktivt i all kommunikasjon utad. Med det viser vi at vi er alle ein del av det same storfylket. Nyttar vi likevel Hordaland og Sogn og Fjordane aktivt i offisiell samanheng, er eg redd vi skaper eit skilje som ikkje vil tjene verken politikk eller folk i Vestland.

Vidare trur eg at vi kjem til å bruke namna på andre regionar meir aktivt, som til dømes Sunnhordland, Hardanger, Bergen og omland/Midthordland, Nordhordland, Sunnfjord, Nordfjord og Sogn.

Ein kan ta politiske initiativ for å nytte Hordaland og Sogn og Fjordane slik spørsmålsstillaren sikter til. Eg meiner likevel at det ikkje vil vere heldig å nytte dei gamle

fylkesnamna i offisiell samanheng eller som synlege geografiske områder. Det vil skape unødige splitting i Vestland.

Historia til landsdelen skal ivareta og formidlast, men no må vi rette blikket framover og bygge det nye fylket.»

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Det er kome inn skriftleg spørsmål frå representant Knut Inge Andersen (FNB):

Ser Utvalsløiar for Kultur, Idrett og Integrering verdien av aktive grep (til dømes gjennom vegskilting) for å ta vare på dei tidlegare fylkesnamna slik at desse kan bestå som synlege og anerkjende geografiske og historisk-kulturelle einingar også i offisiell samanheng?

Svar:

Eit stadnamn er namnet på ein stad. Stadnamna er eit felles referansepunkt eller område i terrenget som vi treng for å kunne kommunisere med andre. Ein del namn oppstår pga. eit administrativt behov og blir vedtekne i ein administrativ og politisk prosess, som t.d. Vestland. Dei fleste stadnamn oppstår likevel ved behov for å kommunisere om nærområda, kvar ein skal gå, kvar ein står, kvar ein skal arbeide saman osv...

Eit stadnamn eksisterer så lenge folk har praktisk nytte av det. Namna Hordaland og Sogn og Fjordane vart begge etablert i samband med at ein gjekk frå amtsinndeling til fylkesinndeling i Norge. Dei er soleis begge eit resultat av eit administrativt behov.

Språkrådet er det den norske staten sitt rådgjevande organ i slike spørsmål. Dei har uttalt at det er heilt greitt å bruke dei gamle omgrepa så lenge ein snakkar om dei geografiske områda.

Det kan også vere relevant å sitere frå NRK sitt språkstyre der dei nytta Sogn og Fjordane som døme: «Eksempelvis vet folk godt hvor Sogn og Fjordane er, mens nordre Vestland verken er presist eller forståelig»

Ein finn også ein parallell i bruken av dei gamle fogderinamna. Fogderia vart avvikla i 1919, samstundes som fylka oppsto, men namna er framleis i bruk, t.d. Hardanger og Sunnfjord.

Begge dei to fylkesnamna Sogn og Fjordane og Hordaland er og vil alltid vere kulturminne.

Lovfesting og formalisering av bruk

Dersom ein ynskjer å ta aktive grep, td ei lovfesting av bruken av dei to tidlegare fylkesnamna, må det skje med heimel i lov av 18.mai 1990 nr. 11 om stadnamn (Stadnamnlova). Formålet med denne lova er mellom anna å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skygger for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna. Stadnamnlova seier også noko om avgjerdsmynde, men det dreier seg om skrivemåte og ikkje om bruk.

Myndighetsorgan for bruk av stadnamn vil vere:

Statens kartverk som m.a. har ansvar for at tidsriktig, stadsfesta informasjon frå det offentlege finnast og er lett tilgjengeleg for det norske samfunn til eikvar tid. Dei er statens fagmynde innan kart og geodata t.d.

Statens vegvesen som m.a. har ansvar stadsnamn-skilting i tilknytning vegar i Norge.»

SI 7/20 Spørsmål frå Bjørlo - V - Holvikejekta

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representanten Bjørlo stiller spørsmål ved korleis Vestland fylkeskommune kan medverke til at det kjem på plass nødvendig avklaring om statleg medfinansiering til eit verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane i løpet av 2020.

Musea i Sogn og Fjordane sendte i mars 2020 søknad til Vestland fylkeskommune om tilskot på 10 millionar kroner til verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta. Total prosjektkostnad er 32,8 millionar. Musea i Sogn og Fjordane har fått garanti om 10 millionar kroner til prosjektet frå Gloppen kommune og har søkt statleg tilskot på 10 millionar kroner for budsjettåret 2021 over ordninga for nasjonale kulturbygg som er forvalta av Kulturdepartementet. Det vart også søkt om midlar til prosjektet via ordninga for nasjonale kulturbygg i 2020. Då vart det ikkje innvilga støtta, men Musea i Sogn og Fjordane vart oppmoda om å fornye søknaden for 2021.

Holvikejekta er bygd på Sandane i 1881, og er den største bevarte klinkbygde jekta i landet. Holvikejekta er bygd med ein 3000 år gamal byggeteknikk og er anerkjent av fagmiljøa som eitt av dei viktigaste maritime kulturminna i Norge.

Hardanger Fartøyvern har kartlagt tilstanden og konstruksjonen til jekta. I rapporten kjem det fram at tilstanden til jekta er forverra dei siste åra. Holvikejekta er i dag plassert i eit delvis ope naust ved Gloppefjorden som gjev noko vern mot regn og sollys, men jekta har mindre vern mot temperatursvingingar, fukt, brann og skadeverk. Dagens bygg gir ikkje nok vern mot vind og springflo. Bygget er lite publikumsvenleg, og Musea i Sogn og Fjordane ønskjer å legge til rette for heilårs formidling.

Fylkesdirektøren ser det som ei viktig oppgåve for fylkeskommunen å ta vare på og formidle den maritime kulturhistoria. Holvikejekta er unik både i landet og i verdssamanheng som det største bevarte klinkbygde fartøyet i Nord-Europa, og som den einaste jekta i Norge som er bevart i opphavsleg stand.

Eit verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta vil vere naudsynt for å kunne ta vare på jekta for framtidige generasjonar og for å kunne formidle viktig kunnskap om norsk maritim kulturhistorie. I dag har Vestland fylkeskommune ei ordning for tilskot til kulturbygg med politisk vedtekne retningslinjer. Ordninga er finansiert av spelemidlar som er fordelt av Kulturdepartementet. Ved årets søknadsrunde er det kome inn søknader frå 57 kulturbygg som søker om totalt 40,6 millionar kroner. Det er løyvd i underkant av 6 millionar kroner til fordeling gjennom ordninga. I tillegg har Vestland fylkeskommune i 2020 motteke fleire søknader om tilskot til kulturbygg utanom den utlyste tilskotsordninga.

Fylkesdirektøren vil vise til saka om finansiering av kulturbygg med regionale funksjonar som er oppe i dette møtet. I forslaget til innstilling ber fylkestinget fylkesrådmannen om å opprette ein budsjettpost frå 2021 til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar.

Fylkesdirektøren ser at det er ei underfinansiering av kulturbygg, og at Vestland fylkeskommune manglar ei eiga ordning som er tilstrekkeleg skalert for å kome i møte kulturlivet sine behov for kulturarenaer. Vidare ser fylkesdirektøren det som viktig at det blir søkt om tilskot til kulturbygg gjennom utlyste tilskotsordningar med politisk vedtekne retningslinjer. På denne måten sikrar ein likebehandling av søknadene.

Fylkesdirektøren vil kome tilbake til søknaden om tilskot til Holvikejekta og andre søknader om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar samla, anten som eiga sak eller som del av budsjettprosessen 2021.»

Politiske saker

PS 68/20 Koronautbrotet - omfang, konsekvensar og tiltak i høve kultur, idrett og inkludering i Vestland pr juni 2020

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune er uroa for konsekvensane av pandemien for kultur, idrett og frivilligheit i Vestland fylke og vil ta medansvar for å dempe verknadane for dei regionale aktørane. Fylkeskommunen sine tiltak, økonomiske eller andre, bør komplementere statlege, kommunale og private ordningar.

2. Vestland fylkeskommune vidarefører gjeldande ordningar for driftsstøtte og prosjekttilskot og vurderer søknadene i høve den til ei kvar tid aktuelle situasjonen.
3. Vestland fylkeskommune legg til grunn at mottakarar av driftsstøtte opprettheld aktivitet etter verksemda sitt føremål innanfor dei rammer som helsestyresmaktene gjer gjeldande.
4. Ved handsaming av prosjekttilskot skal ein prioritere tiltak som er tilpassa pandemisituasjonen, og tiltak som kan setjast raskt i verk når utbrotet er over.
5. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte grunna ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar i samband med nedstenginga. Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og inkludering.
6. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte for å stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande formidling og aktivitet innan kunst og kultur, idrett og friluftsliv. Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og inkludering.
7. Vestland fylkeskommune ber om at staten løyver ekstraordinære midlar tilpassa dei aktuelle utfordringane på kultur-, idrett og inkluderingsfeltet i Vestland og at fylkeskommunen får ansvaret for forvaltinga av desse.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovedutval for kultur, idrett og integrering er sterkt uroa over den akutte økonomiske stoda og mogelege konkursfaren ved Kode. Ein syner vidare til at det er motteke søknad om støtte frå Kode etter koronautbrotet.

Fylkeskommunen har motteke fleire søknader om økonomisk støtte frå kulturaktørar under KULLII som følgje av inntektsbortfall etter styresmaktene sine tiltak i samband med koronaepidemien.

Fylkesutvalet vert oppmoda om å prioritere ei ekstraordinær løyving til KODE i samband med behandling av 1. tertialrapport 2020. Hovedutval for kultur, idrett og integrering legg til grunn at midlane ikkje vert tekne frå den delen av årsoverskotet for 2019 som skal gå til tiltak innanfor kultur, idrett og integrering som følge av koronakrisa.»

Kjell Håland (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i KODE. Håland gjekk frå under behandling av spørsmålet om han var inhabil. Håland gjekk frå under behandling av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland var habil til å delta i saksbehandlinga, men inhabil til å votere over punkta om KODE og gjekk frå under voteringa av desse punkta.

Kjell Håland (A) sette på vegne av A, SV, MDG, V, Sp fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 5

I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen sterkt vurdere økonomisk støtte grunna ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar i samband med nedstenginga. Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og inkludering.

Alternativ punkt 6

I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte for å:

- Stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande aktivitet innan idrett og friluftsliv. Nyskapande aktivitet og formidling innan kunst og kultur kan også vurderast i denne samanheng, men her vil KUP-midlane også nyttast.
- Bidra til gjennomføring av tiltak som skal bidra til at frivilligheita kjem attende til aktivitet etter koronapandemien.

Fylkestinget delegerer forvaltninga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og inkludering.»

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovedutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylke er sterkt uroa for den kritiske økonomiske situasjonen for Norges nest største kunstmuseum, KODE. Hovedutvalet vil på det sterkaste oppmode regjeringa og Kulturdepartementet om å medverke økonomisk til å sikre vidare drift av KODE.»

Det var 14 representantar tilstades under voteringa av punkta som omhandlar KODE.

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 fekk 2 røyster (Frp, Pp) og falt mot Håland sitt forslag som fekk 13 røyster (A, SV, V, Sp, MDG, H, R, FNB) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 6 fekk 1 røyst (Frp) og falt mot Håland sitt forslag som fekk 14 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, H, FNB, Pp, R) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Kollbotn sitt forslag punkt 8 fekk 13 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, H, FNB, Pp, R) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (Frp). Andersen sitt forslag punkt 9 fekk 5 røyster (FNB, Frp, Pp, R) og falt.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune er uroa for konsekvensane av pandemien for kultur, idrett og frivilligheit i Vestland fylke og vil ta medansvar for å dempe verknadane for dei regionale aktørane. Fylkeskommunen sine tiltak, økonomiske eller andre, bør komplementere statlege, kommunale og private ordningar.
2. Vestland fylkeskommune vidarefører gjeldande ordningar for driftsstøtte og prosjekttilskot og vurderer søknadene i høve den til ei kvar tid aktuelle situasjonen.
3. Vestland fylkeskommune legg til grunn at mottakarar av driftsstøtte opprettheld aktivitet etter verksemda sitt føremål innanfor dei rammer som helsestyresmaktene gjer gjeldande.
4. Ved handsaming av prosjekttilskot skal ein prioritere tiltak som er tilpassa pandemisituasjonen, og tiltak som kan setjast raskt i verk når utbrotet er over.
5. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen sterkt vurdere økonomisk støtte grunna ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar i samband med nedstenginga. Fylkestinget delegerer forvaltninga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og integrering.
6. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte for å:
 - Stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande aktivitet innan idrett og friluftsliv. Nyskapande aktivitet og formidling innan kunst og kultur kan også vurderast i denne samanheng, men her vil KUP-midlane også nyttast.

- Bidra til gjennomføring av tiltak som skal bidra til at frivilligheita kjem attende til aktivitet etter koronapandemien.

Fylkestinget delegerer forvaltninga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og integrering.

7. Vestland fylkeskommune ber om at staten løyver ekstraordinære midlar tilpassa dei aktuelle utfordringane på kultur-, idrett og inkluderingsfeltet i Vestland og at fylkeskommunen får ansvaret for forvaltninga av desse.
8. Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylke er sterkt uroa for den kritiske økonomiske situasjonen for Norges nest største kunstmuseum, KODE. Hovudutvalet vil på det sterkaste oppmode regjeringa og Kulturdepartementet om å medverke økonomisk til å sikre vidare drift av KODE.

PS 69/20 Økonomiplan 2021-24 - drifts- og investeringsrammer

Forslag til innstilling

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Per Jarle Valvatne (A) sette på vegner av A, Sp, MDG, Krf og SV fram slikt forslag:

«Utvalet rår finansutvalet til å sikre finansiering til strekningsvise utbetringar, utbetring av flaskehalsar, drift og vedlikehald. I den samanhengen vil ein peike på det store etterslepet i høve asfaltering av fylkesvegar. Utan løyvingar på desse postane finnst det ikkje midlar til vedlikehald og vidareutvikling av viktige strekningar på fylkesvegsnettet. Eit anna område som det trengst midlar til er trafikksikring.

Utvalet er uroa for framtidig finansiering av meirkostnadane ved nullutslepp på hurtigbåtar som er teken ut av langtidsbudsjettet. Det er viktig at Vestland fylkeskommune legg press på Stortinget for å oppnå tung statleg støtte til tiltaka.»

Avrøysting

Valvatne sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Utvalet rår finansutvalet til å sikre finansiering til strekningsvise utbetringar, utbetring av flaskehalsar, drift og vedlikehald. I den samanhengen vil ein peike på det store etterslepet i høve asfaltering av fylkesvegar. Utan løyvingar på desse postane finnst det ikkje midlar til vedlikehald og vidareutvikling av viktige strekningar på fylkesvegsnettet. Eit anna område som det trengst midlar til er trafikksikring.

Utvalet er uroa for framtidig finansiering av meirkostnadane ved nullutslepp på hurtigbåtar som er teken ut av langtidsbudsjettet. Det er viktig at Vestland fylkeskommune legg press på Stortinget for å oppnå tung statleg støtte til tiltaka.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Nina Bognøy, A, ba om å få si habilitet vurdert i denne saka. Ho opplyste at ho i fylkestinget var vald som styremedlem i Opplæringsfartøy AS. Bognøy gjekk frå under behandlinga av habilitetsspørsmålet i utvalet. Hovudutvalet røysta over spørsmålet. Hovudutval for opplæring og kompetanse fann samrøystes at Bognøy var habil i denne saka.

Karianne Torvanger, A, sette på vegner av A, SP, SV, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Innspeil til investeringsplan

Hovudutval for opplæring og kompetanse har forståing for at det er naudsynt å skyve nokre prosjekt ut i tid for å halde lånegjelda innanfor vedteken gjeldsgrad.

Opplæringsfartøy:

Hovudutval for opplæring er uroa over at fylkesrådmannen vil avlyse konkurransen om nytt opplæringsfartøy. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at ein går vidare med forhandlingane for å realisere nytt opplæringsfartøy og at prosjektet vert spelt inn som eit gryteklart prosjekt som motkonjunkturtiltak knytt til Koronapandemien.

Laksevåg/Bergen Maritime vgs og Fagskolen i Hordaland.

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til tidlegare vedtak i PS 9 / 2019 og meiner vi må jobbe for at prosjektet skal realiserast i tråd med tidlegare vedtak.

Innspeil til fordeling av driftsreduksjon

I framlegg til økonomiplan legg fylkesrådmannen opp til ei fordeling av budsjettreduksjon etter sektorstorleik, i tillegg til at sektoren sjølv må dekke eventuelle meirkostnader frå inneverande år.

For inneverande budsjettår er det antyda meirkostnader opp mot 40 -50 millionar kr , dette er i hovudsak knytt til meirforbruk på lærlingtilskot, vg3 i skule og ordninga fagbrev på jobb. Det har vore ei auke i tal på lærekontraktar som gjer til at vi har ei underbudsjettering på dette området.

Det har vore ei politisk målsetjing at fleire elevar skal velje yrkesfag og fullføre med fagbrev. Hovudutval for opplæring meiner difor at dette må sjåast på som eit positivt overforbruk og at det er urimeleg at ei høgare måloppnåing på dette området skal gå utover andre områder og føre til auka innsparingskrav dei kommande åra.

Utvalet viser til at 80 prosent av budsjettet innanfor sektoren tilhøyrer løyvingsnivået opplæring i skule, herunder klassesaka som kvart år fører til stort engasjement i alle delar av fylket. Det er viktig at rammene er store nok til å oppretthalde god bredde i tilbodet ,sikre god rekruttering til fag og yrkesopplæringa og at elevane får oppfylt retten til vidaregåande opplæring. Det må være eit mål at så mange elevar som mogleg får innfridd førstevealet sitt for å sikre god gjennomføring og at vi har ei opplæring med høg kvalitet.

Å kutta så drastisk på opplæringssektoren vil gå utover kvaliteten, noko som ikkje er berekraftig på sikt.

Hovudutval for opplæring viser til det pågåande arbeidet med mål og strategidokumentet:

Det skal utarbeidast mål og strategiar som syner ei utvikling av vidaregåande opplæring, og som gir ungdom og vaksne både i sentrumsområda og i distrikta eit likeverdig opplæringstilbod.

Arbeidet skal vere erfarings- og forskingsbasert, forankra i overordna styringsdokument, regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland. Mål og strategidokumentet skal setje ei tydeleg retning og omfatte strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa.»

Sigurd Reksnes, SP, sette på vegner av SP, A, SV, KrF og MDG fram slike endringsforslag kva gjaldt «opplæringsfartøy»:

«retting: Det skal stå "i samsvar med tidlegare vedtak" i avsnittet om opplæringsfartøy.»

«retting: raskt lyser ut.

Forslaget vert slik:

Hovudutval for opplæring er uroa over at fylkesrådmannen avlyser konkurransen om nytt opplæringsfartøy. Hovudutval for opplæring og kompetanse føreset at ein raskt lyser ut nytt anbod for å realisere nytt opplæringsfartøy i samsvar tidlegare vedtak, og at prosjektet vert spelt inn som eit gryteklart prosjekt som motkonjunkturiltak knytt til Koronapandemien.»

Avrøysting:

Torvanger sitt forslag med dei to endringsforslaga frå Reksnes, vart vedteke mot røystene til FrP, H og FNB, som røysta for å ta saka til orientering då dei ønska å jobbe vidare med saka fram mot fylkestinget.

Vedtak:

Hovudutvalet viser til vedlagte Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Innspel til investeringsplan

Hovudutval for opplæring og kompetanse har forståing for at det er naudsynt å skyve nokre prosjekt ut i tid for å halde lånegjelda innanfor vedteken gjeldsgrad.

Opplæringsfartøy:

Hovudutval for opplæring er uroa over at fylkesrådmannen avlyser konkurransen om nytt opplæringsfartøy. Hovudutval for opplæring og kompetanse føreset at ein raskt lyser ut nytt anbod for å realisere nytt opplæringsfartøy i samsvar med tidlegare vedtak, og at prosjektet vert spelt inn som eit gryteklart prosjekt som motkonjunkturiltak knytt til Korona.

Laksevåg/Bergen Maritime vgs og Fagskolen i Hordaland.

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til tidlegare vedtak i PS 9 / 2019 og meiner vi må jobbe for at prosjektet skal realiserast i tråd med tidlegare vedtak.

Innspel til fordeling av driftsreduksjon

I framlegg til økonomiplan legg fylkesrådmannen opp til ei fordeling av budsjettreduksjon etter sektorstorleik, i tillegg til at sektoren sjølv må dekke eventuelle meirkostnadar frå inneverande år.

For inneverande budsjettår er det antyda meirkostnadar opp mot 40 -50 millionar kr , dette er i hovudsak knytt til meirforbruk på lærlingtilskot, vg3 i skule og ordninga fagbrev på jobb. Det har vore ei auke i tal på lærekontraktar som gjer til at vi har ei underbudsjettering på dette området.

Det har vore ei politisk målsetjing at fleire elevar skal velje yrkesfag og fullføre med fagbrev. Hovudutval for opplæring meiner difor at dette må sjåast på som eit positivt overforbruk og at det er urimeleg at ei høgare måloppnåing på dette området skal gå utover andre områder og føre til auka innsparingskrav dei kommande åra.

Utvalet viser til at 80 prosent av budsjettet innanfor sektoren tilhøyrrer løyvingsnivået opplæring i skule, herunder klassesaka som kvart år fører til stort engasjement i alle delar av fylket. Det er viktig at rammene er store nok til å oppretthalde god breidde i tilbodet ,sikre god rekruttering til fag og yrkesopplæringa og at elevane får oppfylt retten til vidaregåande opplæring. Det må være eit mål at så mange elevar som mogleg får innfridd førstevalet sitt for å sikre god gjennomføring og at vi har ei opplæring med høg kvalitet.

Å kutta så drastisk på opplæringssektoren vil gå utover kvaliteten, noko som ikkje er berekraftig på sikt.

Hovudutval for opplæring viser til det pågåande arbeidet med mål og strategidokumentet:

Det skal utarbeidast mål og strategiar som syner ei utvikling av vidaregåande opplæring, og som gir ungdom og vaksne både i sentrumsområda og i distrikta eit likeverdig opplæringstilbod.

Arbeidet skal vere erfarings- og forskningsbasert, forankra i overordna styringsdokument, regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland. Mål og strategidokumentet skal setje ei tydeleg retning og omfatte strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Tor André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon tek sak til orientering.»

Avrøysting

Ljosland (KrF)sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon tek sak til orientering.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Alfred Bjørlo (V) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Kultur, idrett og inkludering er ein sektor i Vestland fylkeskommune med mange viktige aktuelle investeringsprosjekt dei næraste åra, men ei særst lita avsett investeringsramme i framlegget til Økonomiplan (mindre enn 0,2% av samla investeringar) - og eit driftsbudsjett som berre utgjør om lag 3% av fylkeskommunen si samla drift.

Samtidig utløyser midlane brukt på desse områda særst stor samla innsats gjennom samhandling og samskaping med stat, kommuner, frivilligheit og næringsliv. Kultur, idrett, frivilligheit og integrering spelar ei avgjerande rolle i å byggje gode lokalsamfunn eit sterkt Vestland. Hovudutval for Kultur, idrett og inkludering (KULII) er sterkt uroa av stoda kultur, idrett og frivillig sektor er kome i som følgje av koronakrisa,- med nedstengingar, inntektsfråfall og permitteringar. Samtidig er det å halde oppe satsinga på kultur i kjølvatnet av koronakrisa viktig for mange andre sektorar, ikkje minst Vestland som reiselivsdestinasjon.

KULII ber finansutvalet ta omsyn til dette i den vidare handsaming av saka.»

June Vibecke Knudtsen Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Kultur, idrett og inkludering er ein sektor i Vestland fylkeskommune med mange viktige aktuelle investeringsprosjekt dei næraste åra, men ei særst lita avsett investeringsramme i framlegget til Økonomiplan (mindre enn 0,2% av samla investeringar) - og eit driftsbudsjett som berre utgjør om lag 3% av fylkeskommunen si samla drift.

Samtidig utløyser midlane brukt på desse områda særst stor samla innsats gjennom samhandling og samskaping med stat, kommuner, frivilligheit og næringsliv. Kultur, idrett, frivilligheit og integrering spelar ei avgjerande rolle i å byggje gode lokalsamfunn eit sterkt Vestland. Hovedutvalg for kultur, idrett og integrering (KULII) er opptatt av at barn og unge i særdeleshet skal prioriteres.

Hovudutvalet er sterkt uroa av stoda kultur, idrett og frivillig sektor er kome i som følgje av koronakrisa,- med nedstengingar, inntektsfråfall og permitteringar. Samtidig er det å halde oppe satsinga på kultur i kjølvatnet av koronakrisa viktig for mange andre sektorar, ikkje minst Vestland som reiselivsdestinasjon.

KULII ber finansutvalet ta omsyn til dette i den vidare handsaming av saka.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Bjørlo sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til finansutvalet.

Indrevik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til finansutvalet.

Innstilling til finansutvalet

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Kultur, idrett og inkludering er ein sektor i Vestland fylkeskommune med mange viktige aktuelle investeringsprosjekt dei næraste åra, men ei særst lita avsett investeringsramme i framlegget til Økonomiplan (mindre enn 0,2% av samla investeringar) - og eit driftsbudsjett som berre utgjer om lag 3% av fylkeskommunen si samla drift.

Samtidig utløyser midlane brukt på desse områda særst stor samla innsats gjennom samhandling og samskaping med stat, kommunar, frivilligheit og næringsliv. Kultur, idrett, frivilligheit og integrering spelar ei avgjerande rolle i å byggje gode lokalsamfunn eit sterkt Vestland. Hovudutval for kultur, idrett og integrering (KULII) er opptatt av at barn og unge i særdelesheit skal prioriterast.

Hovudutvalet er sterkt uroa av stoda kultur, idrett og frivillig sektor er kome i som følgje av koronakrisa,- med nedstengingar, inntektsfråfall og permitteringar. Samtidig er det å halde oppe satsinga på kultur i kjølvatnet av koronakrisa viktig for mange andre sektorar, ikkje minst Vestland som reiselivsdestinasjon.

KULII ber finansutvalet ta omsyn til dette i den vidare handsaminga av saka.

PS 70/20 Kulturelt utviklingsprogram. Retningslinjer og programområder

Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune gjennom budsjettposten «Kulturelt utviklingsprogram (KUP)» lyser ut dei vedtekne 7 200 000 kroner i form av ei tilskotsordning.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og programområda for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) slik dei vert omtala i saksframlegget.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Senea Sabanovic (A) sette på vegner av A, SV, MDG, V, Sp fram slikt forslag

«Nytt punkt 2:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og programområda for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) slik dei vert omtala i saksframlegget. I 2020 innarbeidast det at prosjekt med tilknytning til konsekvensane av koronapandemien vil prioriterast for blant anna:

- Å stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande formidling og aktivitet innan kunst og kultur.
- Å nytte prosjektmidlane til å bidra til at aktørar lettare kjem ut av eventuelle utfordringar som følgje av koronapandemien.

Fylkesdirektør får fullmakt til å innarbeide dette i retningslinene for KUP 2020 og lyse ut midlane så snarast råd er.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 2 fekk 2 røyster (Pp, Frp) og falt mot Sabanovic sitt forslag som fekk 13 røyster (A, SV, MDG, V, Sp, H, FNB, R) og vart vedtatt.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune gjennom budsjettposten «Kulturelt utviklingsprogram (KUP)» lyser ut dei vedtekne 7 200 000 kroner i form av ei tilskotsordning.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningsliner og programområda for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) slik dei vert omtala i saksframlegget. I 2020 innarbeidast det at prosjekt med tilknytning til konsekvensane av koronapandemien vil prioriterast for blant anna:
 - Å stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande formidling og aktivitet innan kunst og kultur.
 - Å nytte prosjektmidlane til å bidra til at aktørar lettare kjem ut av eventuelle utfordringar som følgje av koronapandemien.

Fylkesdirektør får fullmakt til å innarbeide dette i retningslinene for KUP 2020 og lyse ut midlane så snarast råd er.

PS 71/20 Det Vestnorske Teateret LL. Lånegaranti til nybygg

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som Det Vestnorske Teateret LL tek opp til nybygg, i samsvar med søknad dagsett 29. april 2020.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 70 mill. kr, med tillegg av 10 % av gjeldande hovudstol til dekning av påløpte renter og kostnader. Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr, vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.
3. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og ut år 2042.
4. Vedtaket må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Gunn Åmdal Mongstad (Sp) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er vald til styremedlem i Det Vestnorske Teateret av fylkestinget. Ho har ikkje tiltredd verv som styremedlem. Mongstad gjekk frå under behandlinga av spørsmålet om ho var inhabil.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Mongstad ikkje var inhabil. Mongstad tiltredde saksbehandlinga.

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag fekk 13 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, Frp, Pp, R) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FNB).

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som Det Vestnorske Teateret LL tek opp til nybygg, i samsvar med søknad dagsett 29. april 2020.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 70 mill. kr, med tillegg av 10 % av gjeldande hovudstol til dekning av påløpte renter og kostnader. Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr, vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.
3. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og ut år 2042.

4. Vedtaket må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.

PS 72/20 Finansiering av kulturbygg med regionale funksjonar

Forslag til innstilling

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å opprette ein budsjettpost under avdeling for kultur, idrett og inkludering til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar ved budsjettarbeidet for 2021.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å opprette ein budsjettpost under avdeling for kultur, idrett og inkludering til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar ved budsjettarbeidet for 2021.

PS 73/20 Ekstraløyving til Vestlandsutstillinga for budsjettåret 2020

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på 100 000 kroner til Vestlandsutstillinga (org.nr. 979 467 508) frå Fylkesutvalet sin rådveldekonto (Kontostreng: 100110.149000).

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på 100 000 kroner til Vestlandsutstillinga (org.nr. 979 467 508) frå Fylkesutvalet sin rådveldekonto (Kontostreng: 100110.149000).

PS 74/20 Bokbåt drift i Vestland fylke

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.
2. Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåttenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikle mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak, td bokbussar.
3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale prosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Terje Kollbotn (R) sette på vegne av R, FNB og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2, 1.setning:

Vestland fylkeskommune viderefører bokbåttenesta etter vårsesongen 2020.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2, 2. setning:

Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåttenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikla mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Fylkestinget understrekar at ei slik ordning både skal kunna gje tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, første setning fekk 10 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, H, og vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot Kollbotn sitt forslag som fekk 5 røyster (Frp, FNB, Pp, R).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, andre setning fekk 4 røyster (Pp, FNB, H) og falt mot Strømmen sitt forslag som fekk 11 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, R, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.
2. Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåttenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikla mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Fylkestinget understrekar at ei slik ordning både skal kunna gje tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.
3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale prosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.

PS 75/20 Søknad om midlar til Griegkvartalet

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på initiativet om å vidareutvikle planane for Griegkvartalet i Bergen.
2. Vestland fylkeskommune avslår søknaden om midlar til vidareutvikling av prosjektet Griegkvartalet på bakgrunn av den økonomiske situasjonen.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Utvalseiar Stian Jean Opedal Davis (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem til styret i Grieghallen AS. Davis gjekk frå under behandlinga av spørsmålet om han var inhabil og nestleiar Alfred Bjørlo (V) leidde møtet.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Davis ikkje var inhabil. Davis tiltredde saksbehandlinga og tiltredde igjen som møteleiar.

Kjell Håland (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Bergen Nasjonale Opera. Håland gjekk frå under behandling av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Håland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Karstein Birkeland (Pp) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem i styret i Grieghallen AS. Birkeland gjekk frå under behandlinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Birkeland ikkje var inhabil. Birkeland tiltredde saksbehandlinga.

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på initiativet om å vidareutvikle planane for Griegkvartalet i Bergen.
2. Vestland fylkeskommune avslår søknaden om midlar til vidareutvikling av prosjektet Griegkvartalet på bakgrunn av den økonomiske situasjonen.

PS 76/20 Europameisterskap i friidrett for ungdom 2021 i Bergen

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at Norges friidrettsforbund skal arrangere U-23 EM i friidrett i Bergen i 2021.
2. Handsaming av søknad om økonomisk stønad til arrangementet vert å kome attende til i handsaminga av budsjettet i fylkestinget i desember 2020.
3. Fylkesutvalet peikar ut ein (1) representant til å delta i hovudkomiteen.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at Norges friidrettsforbund skal arrangere U-23 EM i friidrett i Bergen i 2021.
2. Handsaming av søknad om økonomisk stønad til arrangementet vert å kome attende til i handsaminga av budsjettet i fylkestinget i desember 2020.
3. Fylkesutvalet peikar ut ein (1) representant til å delta i hovudkomiteen.

PS 77/20 Tilskot til vaksenopplæring - retningslinjer

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for tilskot til vaksenopplæring.
2. Vestland fylkeskommune lyser ut tilskot til vaksenopplæring for å støtte opp om dei regionale studieforbunda sin aktivitet. Endeleg fordeling av midlane blir gjort administrativt etter retningslinjene og vedtekne fordelingsnøklar.
3. Vestland fylkeskommune set av 404 000 kroner til ordninga frå posten Vaksenopplæring i budsjettet Kunst og kulturutvikling.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for tilskot til vaksenopplæring.
2. Vestland fylkeskommune lyser ut tilskot til vaksenopplæring for å støtte opp om dei regionale studieforbunda sin aktivitet. Endeleg fordeling av midlane blir gjort administrativt etter retningslinjene og vedtekne fordelingsnøklar.

3. Vestland fylkeskommune set av 404 000 kroner til ordninga frå posten Vaksenopplæring i budsjettet Kunst og kulturutvikling.

PS 78/20 Utviklingsstipend innan idrett. Retningslinjer

Forslag til vedtak

1. Det skal lysast ut 7 utviklingsstipend innan idrett á kr. 40.000,-. Totalt kr. 280.000,-. Søknadsfrist for tilskotsordninga er 1.oktober, med politisk handsaming i KULII i november.
2. Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til retningslinene som ligg føre i vedlegg til denne saka.
- 3.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Bjarte Vatnøy (FrP) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3

Esport utøvere skal også kunne søke på denne ordninga.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke. Vatnøy sitt forslag fekk 5 røyster (FNB, Frp, MDG, R) og fall.

Vedtak

1. Det skal lysast ut 7 utviklingsstipend innan idrett á kr. 40.000,-. Totalt kr. 280.000,-. Søknadsfrist for tilskotsordninga er 1.oktober, med politisk handsaming i KULII i november.
2. Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til retningslinene som ligg føre i vedlegg til denne saka.

PS 79/20 Retningslinjer for heider til OL og VM medaljørar, verdscupvinnarar og verdsrekordar på seniornivå

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til retningslinene som ligg føre i vedlegg til denne saka.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til retningslinene som ligg føre i vedlegg til denne saka.

PS 80/20 Integrering - nye oppgåver for fylkeskommunen - strategi og vidare arbeid

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.

2. Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
3. FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

- 1.Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
- 2.Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
- 3.FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
- 4.Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing
- 5.Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Marianne Sæhle (SV) sette på vegner av SV, A KrF, S, V og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg:

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ber administrasjonen innarbeide eit punkt om barn som lever i fattige familiar, med særleg fokus på utdanningsmuligheiter for barn med innvandrarbakgrunn.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke
Sæhle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
2. Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet.

Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.

3. FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.
6. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ber administrasjonen innarbeide eit punkt om barn som lever i fattige familiar, med særleg fokus på utdanningsmuligheiter for barn med innvandrarbakgrunn.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Utvalseiar Stian Davis (A) sette på vegne av A, SV, MDG, V, Sp fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 4

Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing. Før fylkesutvalet gir uttale, skal KULII gi innstilling til fylkesutvalet i saka.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Davis sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 fekk ingen røyster og falt mot Davies sitt forslag som vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
2. Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
3. FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing. Før fylkesutvalet gir uttale, skal KULII gi innstilling til fylkesutvalet i saka.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.

PS 81/20 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - mandat og oppstart av planarbeid

Forslag til innstilling

1. Det skal utarbeidast ein strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.
2. Planen bør ha vekt på
 - a. bruk av skulebiblioteket som pedagogisk ressurs for den enkelte skule
 - b. skulebiblioteket som studieverkstad og arena for arbeid under rettleiing
 - c. samarbeid mellom skulebibliotek og kommunale bibliotek
 - d. potensialet for skulebiblioteket som arena for demokrati og danning
3. Planen må vise korleis ein kan ivareta koordinering, kompetanseutvikling og nettverksarbeid for utvikling av bibliotektenester i Vestland fylkeskommune
4. Planen må peike på samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett
5. Fylkesrådmannen organiserer planarbeidet i Avdeling kultur, idrett og inkludering og Avdeling opplæring og kompetanse. I planprosessen skal skular, elevar og bibliotekpersonale involverast,

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Kristina Vakt skjold Hamre, KrF, sette på vegner av KrF, A, SP, SV og MDG fram slikt tilleggforslag:

«Nytt punkt 6:

I det vidare arbeidet med planen ber OPPKO rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet jfr RS 14/20.

Nytt punkt 7:

Arbeidet med med strategi for utvikling av skulebibliotek i videregåendeopplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåst i sammenheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggforslag:

«Tillegg til punkt 4.

Arbeidet med utvikling av skulebiblioteka, må vurderast som eit områdeløft i samarbeid med kommunane. I områder der fylkeskommunen har skuledrift og som statistisk scorar lågt på levekårsundersøkinga er dette spesielt viktig å sjå på mogeligheter for at skulebiblioteka kan ha ein sosialt utjamnande rolle.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilleggforslaget frå Syversen fekk ei røyst (R) og falt.

Hamre sitt tilleggforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Det skal utarbeidast ein strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.
2. Planen bør ha vekt på
 - a. bruk av skulebiblioteket som pedagogisk ressurs for den enkelte skule
 - b. skulebiblioteket som studieverkstad og arena for arbeid under rettleiing
 - c. samarbeid mellom skulebibliotek og kommunale bibliotek
 - d. potensialet for skulebiblioteket som arena for demokrati og danning

3. Planen må vise korleis ein kan ivareta koordinering, kompetanseutvikling og nettverksarbeid for utvikling av bibliotektenester i Vestland fylkeskommune
4. Planen må peike på samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett
5. Fylkesrådmannen organiserer planarbeidet i Avdeling kultur, idrett og inkludering og Avdeling opplæring og kompetanse. I planprosessen skal skular, elevar og bibliotekpersonale involverast.
6. I det vidare arbeidet med planen ber OPPKO rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet jfr RS 14/20.
7. Arbeidet med med strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåandeopplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåst i sammenheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.»

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2 e

best mogleg utnytting av dei fysiske lokala som er tilgjengelege for skulebibliotek»

Utvalsleiar Stian Davies (A) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 6:

I det vidare arbeidet med planen ber hovudutval for kultur, idrett og integrering rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet, jf. hovudutval for opplæring og kompetanse RS 14/20.

Nytt punkt 7:

Arbeidet med med strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåst i sammenheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 til 2 d) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Strømmen sitt forslag punkt 2 e) fekk 14 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, H, FNB, R, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (Pp).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Davis sitt forslag punkt 6 og 7 fekk 14 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, H, FNB, R, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (Pp).

Innstilling til fylkestinget

8. Det skal utarbeidast ein strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.
9. Planen bør ha vekt på
 - e. bruk av skulebiblioteket som pedagogisk ressurs for den enkelte skule
 - f. skulebiblioteket som studieverkstad og arena for arbeid under rettleiing
 - g. samarbeid mellom skulebibliotek og kommunale bibliotek
 - h. potensialet for skulebiblioteket som arena for demokrati og danning
 - i. best mogleg utnytting av dei fysiske lokala som er tilgjengelege for skulebibliotek
3. Planen må vise korleis ein kan ivareta koordinering, kompetanseutvikling og nettverksarbeid for utvikling av bibliotektenester i Vestland fylkeskommune
4. Planen må peike på samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett

5. Fylkesrådmannen organiserer planarbeidet i Avdeling kultur, idrett og inkludering og Avdeling opplæring og kompetanse. I planprosessen skal skular, elevar og bibliotekpersonale involverast,
6. I det vidare arbeidet med planen ber hovudutval for kultur, idrett og integrering rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet, jf. hovudutval for opplæring og kompetanse RS 14/20.
7. Arbeidet med strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåast i samanheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke

PS 82/20 Regional kompetansepolitikk i Vestland fylke

Forslag til innstilling

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk og integrerings-/inkluderingspolitikk.
2. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
3. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
4. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk og integrerings-/inkluderingspolitikk.
2. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
3. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
4. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Åsmund Berthelsen, SV, sette på vegner av SV, A, SP, KrF og MDG fram slikt tilleggsforslag til nytt punkt 2 og punkt 3, og siste del av punkt 1 (uthevet):

1. «For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk, integrerings-/inkluderingspolitikk *og klima-, miljø- og ressurspolitikk.*

2. Vestland fylkeskommune skal utvikle ein aktiv regional kompetansepolitikk for heile fylket. Avdeling for opplæring og kompetanse har den koordinerande rolla.
3. Arbeidet med med regional kompetansepolitikk må samordnast med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.
4. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
5. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
6. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.»

Avrøysting

Innstillinga med dei to nye punkt 2 og punkt 3, samt siste del av punkt 1, vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk, integrerings-/inkluderingspolitikk og klima-, miljø- og ressurspolitikk.
2. Vestland fylkeskommune skal utvikle ein aktiv regional kompetansepolitikk for heile fylket. Avdeling for opplæring og kompetanse har den koordinerande rolla.
3. Arbeidet med med regional kompetansepolitikk må samordnast med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.
4. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
5. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
6. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Lise-May Sæle (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 2

Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane. Hovudutval for kultur, idrett og integrering understrekar viktigheita av Kompetanseforum Vestland og ynskjer at ein skal supplere med minst éin student som skal representere studentane i Vestland. Studentane har ein svært viktig nøkkelrolle i kompetansearbeidet i Vestland. Velferdstinget Vest får mynde til å oppnemne studentrepresentantar til Kompetanseforum Vestland.

Samstundes ber ein administrasjonen fortløpande melde tilbake til utvalet om progresjonen og resultatane av arbeidet som vert gjort i Kompetanseforum Vestland.»

Det var 14 representantar tilstades.

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Sæle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 og 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk og integrerings-/inkluderingspolitikk.

2. Det kompetansepoltiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane. Hovudutval for kultur, idrett og integrering understrekar viktigheita av Kompetanseforum Vestland og ynskjer at ein skal supplere med minst éin student som skal representere studentane i Vestland. Studentane har ein svært viktig nøkkelrolle i kompetansesarbeidet i Vestland. Velferdstinget Vest får mynde til å oppnemne studentrepresentantar til Kompetanseforum Vestland.

Samstundes ber ein administrasjonen fortløpande melde tilbake til utvalet om progresjonen og resultatata av arbeidet som vert gjort i Kompetanseforum Vestland.

3. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
4. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.